



GODT SAGT:

Dårlege unnskyldningar er betre enn inga unnskyldning.

UKJENT

NAMNEDAG

Torsdag 3. januar:
Alfred, Alf
Fredag 4. januar:
Roar, Roger

VÊR OG VIND

Torsdag: Regnbyer, snø i fjellet. Om kvelden nordvest frisk bris og lettare ver.
Fredag: Nordvest opptil liten kuling på kysten. Utpå dagen regn, snø i fjellet. Mildt.

STINA I STØÆ:

Fedje seier nei til å ta imot flyktningar, les eg.
– Treng dei ikkje noko nytt blod på øya?

Tritulen på nyttårsturné

NOROM
BRUNÆ

– Kva var nyttårsforsettet ditt i fjor?



Øyvind Wisnes med Lucas

– Eg hadde ingen, og det hadde eg ikkje tenkt i år heller, men så slutta eg å røykja nyleg så då får det vera årets forsett.



Victor Børildsen

– Eg skulle trenna meir. Det gjekk bra eit par veker, så dabba det av.



Nina Elisabeth Hansen

– Å slutta å røykja. Men det gjekk ikkje særleg bra, uheldigvis.



Ben Børildsen

– I fjor hadde eg ingen, men i år skulle eg halda meg vaken til klokka sju nyårsdag, og det klarte eg.



KONSERT: Folkemusikkgruppa Tritulen har konsert i Emigrantkyrkja på Sletta søndag 6. januar. Frå venstre Jonas Åkerlund, Ebba Jacobsson og Anette Thorsheim.

RADØY: Folke-
musikkgruppa
Tritulen startar nytt-
årsturneen sin i Emi-
grantkyrkja på Sletta
søndag 6. januar.



Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

Folkemusikkgruppa Tritulen, der toraderspelar Anette

Thorsheim frå Radøy, men no busett i Masfjorden, er med, skal ut på ein nyttårsturné. Dei skal framføra melodiar frå plata som kom i fjor, og som delvis byggjer på folkemusikk frå Nordhordland. Det er særleg songar og melodiar innsamla av Ola R. Midtbø (1877 – 1950) frå Masfjorden, men der er òg danseslåttar av andre, som Karl Øvretveit frå Lindås, Henrik

Mjåtveit frå Meland og Andreas Villanger frå Radøy.

Mange sjangrar

«Tritulen» har tre medlemmer. I tillegg til Thorsheim er det Ebba Jacobsson, som syng, og Jonas Åkerlund, som spelar fele, gitar og cister. Dei framfører folkemusikk i mange sjangrar, både religiøse folketonar, salmar, tradisjonelle folkeviser og dansemelodiar.

I tillegg til folkemusikk frå Nordhordland har dei òg svensk folkemusikk på repertoaret. Dei to andre i gruppa utanom Thorsheim er svenske.

Opnar på Radøy

Første konsert i nyttårsturneen er på Radøy. Dei skal deretter vidare til Bergen, Voss, Lærdal og Hovden/Haukelifjell. Turneen sluttar i Fredrikstad neste søndag.

Samlararbeidet som Ola R. Midtbø utførte, vert no òg presentert i ei eiga bok, utgjeven av Masfjorden søgelag. Denne boka kom ut like før jul og har vore omtalt i Strilen tidlegare.

Medlemene i «Tritulen» er alle profesjonelle musikarar og framfører musikk av høg kvalitet, noko også plata deira viser.

PONDUS

